

## Møte i Gulen kommunestyre 12.04.2024

**Fredag 12.april 2024** er det møte i kommunestyret. Møtestart kl. 10:00 på Vidsyn i Sløvåg. Første del av møtet er orienteringsdel ilag med Masfjorden kommunestyre.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i Innbyggarservice, og på nettsida til Gulen kommune. Møtet er ope for publikum, kan også følgast digitalt. Følg med på nettsida til Gulen kommune for utlagt link til møtet. Alle er velkomne.

Ordførar May-Lynn Osland

### Revisjon av forskrift om vass- og avløpsgebyr for Gulen kommune

Fylgjande vedtak vart fatta 08.02.2024 i Kommunestyresak 6/2024:

*Det blir starta opp eit arbeid med å revidere lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Gulen kommune. Det blir publisert førehandsvarsling om endring av lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr med frist for innspel.*

Dette er ei førehandsvarsling om at lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Gulen kommune skal reviderast.

Gjeldande forskrift ligg tilgjengeleg via [lovdata.no](http://lovdata.no)

Dersom ein har innspel til revisjon av forskrifta bli ein bedt om å sende desse til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no) eller edialog via [min.kommune.no](http://min.kommune.no).

Frist: 30. april 2024.

Revidert lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr vil bli lagt ut til høyring på kommunen si nettside.

## Kort status frå kommunedirektøren

Det skjer mykje positivt i kommunen vår både innan privat og offentleg sektor. I denne utgåva av Infoposten får du god informasjon om alt det interessante planarbeidet som pågår i kommunen. I kommunen er vi stolte over alle dei flinke tilsette som står på for at vi alle som bur og oppheld oss i kommunen skal få gode tenester. I årsmeldinga for 2023 vil vi presentere nærmere informasjon om mykje av denne aktiviteten. Kommunen er no i sluttfasen med årsmelding for 2023, informasjonen vert etter kvart lagt ut på kommunen si nettside. Netto driftsresultat for 2023 vart kr 2,26 mill.



Kommunestyret har bestemt at kommunen skal køyre eit prosjekt for å redusere kommunen sine driftsutgifter. Vi vil nytte ekstern

Bilete: Reidun Halland

konsulent for å gjere vurderingar av kommunen sitt driftsnivå. Kommunen har gode inntekter i dag, men med tanke på framtidige forventa utgifter i kombinasjon med ein del usikre inntektsposter er det nødvendig å sjå nærmere på kommunen si drift.

Kommunen set no i gang eit spennande prosjekt for å utvikle bygdesentra Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik. Lag, organisasjoner, næring og innbyggjarane vert oppmoda om jobbe fram eit prosjekt for å utvikle møteplassar i sentrum. Byrknes har komme langt i planlegginga med sitt prosjekt «Karl Gåtas plass». Kommunestyret har løyvd kr. 1 mill. til utviklingsprosjekta. Les meir om dette spennande prosjektet på kommunen si nettside.

Reidun K. Halland, kommunedirektør

## **Planaktuelt 2024**

Samfunnet generelt er i rask utvikling, og tilsvarende gjeld for Gulen kommune. Det er mange planar som er i arbeid. Administrasjonen ønsker at innbyggjarane, næringsaktørane samt lag og organisasjonar engasjerer seg og bruker dei kanalar som vert etablert for god dialog kring ønska utvikling og behov for kommunen. Kommuneplanen har målsetnad mellom anna at "*Gulen kommune skal ha aktive innbyggjarar som engasjerer seg i utviklinga av eit inkluderande og levande lokalsamfunn*", at "*Innbyggjarane skal oppleve god livskvalitet*" samt at dei yrkesaktive i kommunen skal "*oppleve gode jobbmoglegheiter*".

Når aktiviteten i kommunen er stor, kan det vere vanskeleg å orientere seg om både korleis, og når ein kan involvere seg. På kommunen si nettside [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) har vi etablert ei eiga "fane" **Planaktuelt 2024**. Her vil du kunne gå inn å oppdatere deg på milepælane for dei største planane som pågår. Det vil også gå fram her når høyringar pågår og eventuelt om det er lagt til rette for munnlege innspeismøter.

## **Konsesjonsuttale til vindturbin i Sløvåg**

Den saka som har hatt størst engasjement den siste tida er handsaminga av konsesjonsuttalen til søknad om vindturbin i Sløvåg. Det har vore 2 folkemøte med mange frammøtte, totalt er det kome godt over 100 innspel i høyringsrunden kring konsekvensutgreiinga. Målet er at kommunestyret skal handsame konsesjonsuttalen i kommunestyremøtet i april. Då vil politikarane få lagt fram vurderingar kring konsekvensane ved ei positiv uttale, og konsekvensane ved ei negativ uttale.

## **Ammoniakkfabrikk i Skipavika**

Ei anna sak som har engasjert mange er spørsmål om etablering av ammoniakkfabrikk i Skipavika. Her har det også vore folkemøte og nabomøte. Skipavika Næringspark arbeidar med ny detaljert reguleringsplan. Planprogram for reguleringsplan for Skipavika Næringspark gnr. 79, bnr. 47, 53, 54, 1, 33 og 36 Sande er godkjent. Planen har satsingar kring ammoniakkfabrikk, men også aktivitet som oppdrettsanlegg på land med tilhøyrande aktivitetar. Eit planprogram viser kva type

konsekvensar som skal greia ut og takast omsyn til i ein framtidig reguleringsplan. Reguleringsplan vil verte utarbeidd og lagt ut på høyring etter at konsekvensane er kartlagt og tatt høgde for.

## **Reguleringsplan Sjurmarka Byrknes**

Kommunestyret har vedtatt reguleringsplan på gbnr 95/361, 95/362, 95/363 mfl Byrknes. Formålet med planarbeidet har vore å legge til rette for bustadutbygging tett på eksisterande skule og barnehage og i tillegg legge det til rette for eit godt bummiljø på Byrknesøy. Planen legg mellom anna til rette for to nye bustadområder med totalt 26 nye bueiningar på kvar si side av Kv. 1061 Nordre garden.

## **Reguleringsplan vest på Byrknesøy**

I april får kommunestyret reguleringsplan fra Byrknes Utvikling til endeleg avgjersle etter at utvalet har stilt seg positiv. Området omfattar gbnr. 95/6, 95/7, 95/11, 95/104, 95/15, 95/123, 95/249, 95/256. Det er avsett areal til bustadar, forretning, andre typar bygningar og anlegg og LNFR-areal for naudsynte tiltak for landbruk og liknande i kommuneplanens arealdel for Gulen kommune.

## **Reguleringsplan for sentrumsutvikling Eivindvik**

Det har vore ei omfattande prosess relatert til sentrumsutvikling Eivindvik. Ein av grunnane til at prosessen har tatt tid, er at det har vore utfordrande å finne ei trygg vegløysing. Vegen gjennom sentrum er idag communal, men det er lagt opp til at den skal takast over fra fylket. Det ligg no an til ei semje med fylket, og ein ventar at planen kjem ut på høyring no i 2024.

## **Samhandling med næringslivet**

For god utvikling i same takt som samfunnet elles er kommunen avhengig av eit aktivt næringsliv og god samhandling. Dette kjem fram i målsetnaden som vi arbeider etter kva gjeld næring og sysselsetting; "*Gulen kommune skal vere ein attraktiv verkskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv*"

## **Dei politiske rammene for administrasjonen sitt arbeid, planstrategi 2024-2027**

Det er politikarane som sett overordna mål og strategiar for administrasjonen sitt

arbeid. I 2023 fekk vi ny samfunnsdel til kommuneplan (Samfunnsplan). Arealdelen har vore i prosess lenge, og Statsforvaltaren har gitt motseigner til den arealdisponeringa som er vedteken. Vi er i god dialog med Statsforvaltaren og har ei semje om korleis vi skal arbeide med dei punkt det er usemje kring. Planavdelinga har ein periode hatt vakanse noko som har ført til lågare framdrift. Saka vil verte prioritert igjen når bemanninga på planavdelinga er kome oppatt på eit meir normalt nivå.

Politikarane skal innan eit år etter valet ta ei avgjerd på om det skal endre «kurs» i dei gjeldande planer, og vidare kva områder ein skal prioritere å arbeide med i kommande periode. Prosjektplanen er vedteken, her er formannskapet styringsgruppe med prosjektleiing frå administrasjonen.

Planstrategien kjem på høyring, men det er ønskeleg at «alle Gulenaktørane» deltek i debatten om kva vi treng å jobbe vidare med framover. Her vert det lagt opp til fysisk/digitalt møte i april/mai. Møtet vil verte annonsert på nettsida. Vi ser fram til di deltaking.

## Hørysels- og synskontakt i kommunen!

Har du varig nedsett hørsel eller synstap?

Då kan hørsel- og synskontakt hjelpe med søknad om hjelphemidlar. Hørsel- og synskontakt kjem på heimebesøk for ei kartlegging av behov for hjelphemidlar. Hørselshjelphemidlar kan vere for samtale, varsling eller lytting, som for eksempel samtaleforsterkar i samtale med 1 eller fleire, varsling av dørklokke, brann m.m. og forsterkar til TV/radio. Synshjelphemidlar kan vere luper, datautstyr, lyd og tale som kan for eksempel vere forstørringsluper, lese-TV, programvare til data og lydbokavspiller.



Digital leselupe



Røykvarslar med forsterka varsling



Samtaleforsterkar

Ta kontakt med Kristine Skjørestad Fivelsdal tlf. 45322820, Ergoterapeut, Hørsel- og synskontakt i Gulen kommune.

## Informasjon frå legekontoret

Det er mange som nytter seg av Timeønske og Fornying av reseptar på HelseNorge for å få kontakt med legekontoret. Du kan også laste ned **helsenorge -appen**. Appen gir deg snarveier til alle tenestene du har tilgang til på helsenorge.no. Tenestene vert opna direkte i mobilen sin nettlesar. Du kan logge på appen med ansiktsgjenkjenning, fingeravtrykk eller personleg kode. Du treng ikkje å bruke ID-porten kvar gang du skal bruke tenestene.

- Viss du treng time på **kort varsel**, må du ringe legekontoret.
- Viss det er **akutt**, må du ringe Legevakt 116 117 eller 113.
- Vi har ofte størst pågang på telefon ved opningstid kl. 09.00-10.00 og mellom kl. 13.00 - 13.30.
- Viss det ikkje hastar, kan det vere lurt å ringe utanfor desse tidene.
- Vi har dessverre noko ventetid hos fastlegane.

## Stor interesse for fiskarbonden

Gulen fiskarbondemuseum har skipa sitt eige vennelag og fekk straks riktig mange venner - over 70 på fjorten dagar. Museets styre tar den flotte responsen på vennelaget som eit handfast bevis på at folk i Gulen bryr seg om si nære historie og vil vere med å ta vare på minna om det strevsame, og herlege, livet ved havet. Fiskarbondemuseet vil takke alle vennene sine! Vi gler oss til ny sesong på museet. Den opnar som vanleg med Fiskarbondedagane der ungdomsskuleelevar får prøve seg som fiskarbønder. Men før det skal Karl Gåta- rommet innreiast. Han skal få eit eige rom med plass til den store boksamlinga si. Vil du kvitte deg med ei gammal bokhylle, så har me god bruk for henne! Sjå facebooksida til muséet for meir informasjon. Har du tid og lyst til å vere med på ein hyggeleg dugnad med kaffi og god prat? Om du ikkje har høve til å vere med på dugnad, kan du likevel vere med i vennelaget for kr 101 pr. år. Bli venn med fiskarbonden! Vipps 101 til 525479!

Styret ved Gulen Fiskarbondemuseum



## Gulatinget 2024



Bilete: Tone Ekerhovd og ordførar May-Lynn Osland

Tenk no kjenner vi på våren, krokus og snøklokker! For berre to månadar sidan var Ordføraren vår May-Lynn Osland og eg på slottet for å delta på den offisielle opninga av Landslovjubileet. Gulatinget har vore, og er ein særskilt viktig stad i denne soga. Soga er så dyrebar at den ligg i ein monter på Nasjonalbiblioteket, berre sikringa av å ha den liggjande «ute» til alle sitt påsyn, ville gjort eit alvorleg innhugg i kommunekassa vår. Likevel er det noko med å sjå desse handskrivne sidene av Gulatingslova og Landslova. Ein blir både audmjuk og stolt. Dette er altså ein viktig del av Gulen si historie. For dei som har moglegheit, vil eg varmt anbefala å vitja denne utstillinga i løpet av jubileumsåret.

Gulen blir ein naturleg stad markera denne nasjonale hendinga, og vi gler oss til å invitera alle til mange flotte opplevingar ved

Guldinget 2024. Sjå heile programmet på våre nettsider, der får du full oversikt over dei opne arrangementa, som ikkje krev billett, og de finn link til dei tilboda som krev billettsal.



Altså snøklokker og krokus ringjer den travlaste årstida inn, nett no. Vi susar mot summaren i rasande fart. For oss i prosjektgruppa for Gulatinget 2024 er august skikkeleg nært. Vi har kontroll på dei store linjene og mykje meir, men det hjelper jo ikkje å ha full oversikt når «The devil is in the details». Men, vi engstar oss ikkje! Vi veit at det er mange flinke og engasjerte folk i Gulen, som alltid bidreg og som forstår at samarbeid er det viktige når vi skal presentere staden vår frå si beste side. Det er med glede vi kan visa til programmet, Gulatinget.no

Alle desse; fôredragshaldarar, kunstnarar, artistar, teknikkarar, og tilreisande deltakarar mfl. treng å husast frå 23. til 27. august. Nokon for ei natt, nokon for fleire. Har de ei seng, eit rom eller det som større er, så er alt av interesse.



Ring Tone Ekerhovd på tlf.: 90848497 eller send ein e-post [tone.ekerhovd@gulen.kommune.no](mailto:tone.ekerhovd@gulen.kommune.no)

Tusen takk til alle som allereie bidreg!

Fin vår frå prosjektgruppa Gulatinget 2024

### Takk

Sone Eivindvik- Gulen sjukeheim vil med dette takke Nordgulfjorden sanitetslag og Eivindvik sanitetslag for dei flotte juletrefestane som var arrangert på nyåret på henholdsvis Gulen sjukeheim og Eivindvik bu- og omsorgssenter (Ebo). Må i tillegg takka Eivindvik Sanitettslag særskilt for samankomstane dei med jevne mellomrom arrangerer på Ebo. Dette vert veldig verdsatt!

Gulen sjukeheim vil med dette få takke for minnegåva etter, Sigmund Horne og minnegåva etter, Bjørg Steine. Hjarteleg takk.

Ebo vil med dette takke for minnegåva etter, Gunhild Mongstad. Hjarteleg takk.

Med venleg helsing ansatte og bebruarar på Ebo og Gulen sjukeheim